

## Invitasjon og oppsummering av dialogmøte om kommuneplan 28.3.17

Seljord Røde kors, Seljord frivilljugsentral, Seljord idrettslag, Flatdal idrettslag, Åmotsdal idrettslag, Granvin kulturhus, Barnerepresentant, Ungdomsrådet, Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, Eldrerådet

---

### INVITASJON TIL DIALOGMØTE OM KOMMUNEPLAN

Seljord kommune skal lage ny kommuneplan og i samband med det har kommunestyret vedteke eit planprogram som seier noko om korleis arbeidet med ny kommuneplan skal gjennomførast. Ein viktig del av prosessen vil vera å involvere innbyggjarane, og på ulikt vis invitera einskildpersonar, lag og organisasjonar til å kome med forslag og innspel til innhaldet i planen.

For å fylgje dette opp vert dykk invitera til «kafedialog»

**Tid: tysdag 28. mars 2017 kl. 09.00**

**Stad: Granvin kulturhus**

**Tema for dialogmøtet er: *Det gode livsløp i Seljord.***

*Det gode livsløp i Seljord* er eit av tre temaområder som kommunestyret, i samband med tidlegare vedteken planstrategi, har peika ut som særlege forkusområde i kommuneplanarbeidet. Dei to andre temaområda er *Seljord i vekst og Bærekraftige Seljord.*

Viktige utfordringar for diskusjon og dialog i samband med temaområdet ***Det gode livsløp i Seljord*** vil vera:

- Korleis skape gode skular og barnehagar i Seljord.
- Meningsfylte kultur og fritidsaktivitetar for alle, kva skal til?
- Gode omsorgstenester for dei som treng det.
- Gode bumiljø, nærmiljø og møteplassar for innbyggjarane.

Det er formannskapet i Seljord som formelt er styringsgruppe for gjennomføringa av kommuneplanarbeidet, og både ordførar og dei andre medlemmene av formannskapet vil vera til stade på møtet. I tillegg til samtale og dialog kring valde temaområde, vil det også bli gjeven meir utfyllande informasjon om aktuelt temaområde og kommuneplanarbeidet elles.

Seljord kommune vil få ynskje dykk velkomen til dialogmøtet og vonar alle har høve til å delta.

Med helsing

Per Dehli

Rådmann

## **MØTEREFERAT**

### **Kafedialogmøte om temaområdet: Det gode livsløpet i Seljord.**

Til stade: Seljord idrettslag, Røde kors, Granvin kulturhus, ordfører og formannskapet, sekretær ungdomsrådet, kommunens leiargruppe.

Totalt: 17 deltakarar.

Ordfører Halfdan Haugan ynskte velkomen og informera kort om dialogmøta kring kommuneplanen og dei planlagde folkemøta etter påske.

Kommunalsjef Frid Berge: viste ein powerpoint-presentasjon, med litt informasjon om planprosessen og programmet for dagen. Det er tre hovudtema som er valgt ut til å jobbe særskilt med. Ett av dei er dagens tema: Det gode livsløpet i Seljord.

Powerpoint-presentasjonen vert lagt ut på kommunens heimeside.

### **Gruppeoppgåve 1. Kartlegge stedlige kvalitetar.- kva har vi?**

#### Innspel frå gruppe 1:

Dyrskun og dyskuplassen, eit sentralt møtepunkt, gode arrangører og godt vertsskap som tek vare på folk. Festivalane blir og oppfatta seriøst av omverdenen, jfr, contryfestivalen som kanskje har hatt nokre særlege utfordringar. Festivalane er ein viktig inntektsskjelde for lag og foreningar. Sjøormen og myten om denne har vore ein viktig del av det omdømmet som er skapt. Leiken kring sjøormen, og denne myten skaper gode assosiasjonar og vibrasjonar ut av kommunen, noko som stend fram som eit folkeleg element i folk sitt medvit. Kommunen har eit godt omdømme utad og det er allereie ein realitet.

Seljord er kulturbygda. Gangvegen gjennom sentrumsområdet er ein viktig ressurs som binder det heile saman.

#### Innspel frå gruppe 2:

Det er eit stort engasjement i bygda. Kommunen har sær gode og stabile helsestenester, stabile og dyktige legar. Bygdas geografiske plassering er viktig noko som må utnyttast vidare. Kommunens innbyggjarar er kjente for dugnadsånden. Det er eit bredt samarbeid mellom frivillighet, næringsliv og kommune som er eit klart kjenneteiken. Det regionale kulturhuset Granvin er unikt. Likeeins er folkehøgskulen ein del av det unike, dette m.a. p.g.a. lærerne har brei og variera kompetanse, som også bidreg inn i det lokale kulturlivet.

Musikk og kunstnermiljøet i Seljord er unikt for regionen og er stabilt over tid.

Det er gode anlegg på idrettsfronten, Raukleiv er eit døme, anlegg som har vore bygd opp over fleire generasjonar.

Mangfald i lag og organisasjonar er også noko som særpregar. Menighetslivet er ikkje invitert her i dag, men er ein del av mangfaldet. Kommunen har også eit stort monument over Landstad, som budde i Seljord i meir enn 5

---

### Innspel frå gruppe 3:

Som også andre grupper har peika på så er dyrskuplassen og dyrskun noko særegent i tillegg til den store dugnadsånden. Samhold i bygda er nøkkelord. Livet er prega av kultur og tradisjon. Kunstlåven er kanskje meir kjent utanfor Seljord. Granvin kulturhus er viktig som den største møteplassen i kommunen. Det har vore ein sterk auke i aktivitet på Granvin dei siste åra og lokalitetane vert bruka meir og meir. Særleg auka aktivitet knytta til idrettslaget sin verksemd. Kommunen vert prega av fellesskap og evne til å trekke i same retning.

Kommune har bra idrettsanlegg, med både kunstgressbane, skianlegg o.a.: Mykje er bygd opp heller på tross av kommunen enn p.g.a. kommunen. Men Seljord kommune stend og fram som veldreven, med kommunale tenester av god kvalitet.

Det er også bra med både uformelle og formelle treffpunkt,, med eit rikt og variera organisasjonsliv, med jakt og fiske på den eine sida og livssynsorganisasjonar på den andre. Næringslivet er også variera, og det er i det store og heile privat, med få offentlege institusjoner. Næringslivet har også bidratt mykje til lokal samfunnsutvikling. Bygda er også svært naturskjønn. Og mykje av engasjementet er prega av glede og det å ha det gøy.

Organisasjonslivet er avhengig av ildsjelar. Dei har ein viktig funksjon, noko som ofte kan bety ein forskjell og som det er viktig å ta vare på.

### **Gruppeoppgave 2**

Som innleiing til neste gruppeoppgåve, forklara kommunalsjef om forskjellen mellom hygienefaktorar og motivasjonsfaktorar, der ho oppfordra til å ha fokus på motivasjonsfaktorane når ein i neste gruppeoppgåve skal diskutera hvilke særlege kvalitetar kommunen har når det gjeld tenester og tiltak innan skule, oppvekst, helse og omsorg.

Gruppespørsmål: Kva skaper gode kvalitetar i barnehage /sjå eige skjema)

### Innspel frå gruppe 1:

Både kompetanse og engasjement hos dei tilsette i skulen er viktig. At dei evner å skape gode relasjonar og sjå den einskilde eleven like eins. Lærarar med evne til to- veis kommunikasjon og som elles er personleg egna til jobben. Godt samarbeid lærar elev og lærar i høve til heimen. Opne dører mellom skule og lokalsamfunn er viktig. Stille spørsmål og krav til skulen, engasjerte og opplyste foreldre er eit mål. Løfte foreldregruppa. Gode skulebygg viktig. Fysisk aktivitet i skulen. Dei same omsyna må gjelde SFO og barnehage, og ein må få til eit forbetra samarbeid mellom desse tenesteområda og lokale organisasjonar særleg idrettslag. Prisenivå på er også viktig når det gjeld barnehage og sfo.

Når det gjeld omsorgstenester er det viktig med engasjerte og kompetente tilsette også her. Legge til rette for aktivitet for dei gamle. Viktig her med gode samarbeidsløysingar med lag og foreningar. Få til kontakt mellom dei eldre og dei yngre/barn.

Skulen må sjå alle og møte alle elevs behov. Skulen legg tradisjonelt mykje vekt på teoriferdigheter, dei praktiske og estetiske faga bør prioriterast i skulen og at dette helst bør skje gjennom nasjonale føringar.

### Innspel frå gruppe 2:

Lærarane er den viktigsta faktoren for å få til ein god skule. Elles er luftkvalitet inne viktig. Det må også vera eit bra uteområde og trivelege bygg med eit godt miljø. Lærarane må vera egna til jobben, god og rett kompetanse og talet på lærarar må vera tilstrekkeleg og ikkje for mange elevar pr. lærar.

Lærarane må være personleg egna og viktig at lærarane ser elevane og er gode til å kommunisere. Viktig også at at elevane blir (føler seg) sett. Og lærarane må vera glade i elvane sine. Kommunestyret må syte for kvalifisere dei tilsette i skulen og det geld all type personell som skal jobbe der. SFO må også vurderast som ein del av skulen i høve til desse kvalitetskrava.

Kommunen har gode omsorgstenester. Og det er viktig med eit godt samarbeid med dei friviljuge, noko som det er fleire gode døme på i Seljord, m.a. seniordans, sittedans, sjukeheimens vener, besøk frå barnehage og skule på sjukeheimen m.v.

Utdanningsinstitusjonane har eit eige ansvar for å utdanne dei rette folka med dei beste eigenskapane til skule og barnehage og syte for at dei som ikkje er egna blir gjett råd om heller å velje anna utdanning.

### Innspel frå gruppe 3:

Fagkompetansen i skulen er viktig. Gode anlegg og uteområde må også til og som betyr mykje for trivsel. Dette er skuleeigars ansvar. Skuletilbod lokalt, så lokalt som råd.

Innhaldet i skulen er viktig for at skolen skal vera god, IT er heilt sentralt i så måte. Mobbing er ein utfordring som må møtast offensivt og på ein god måte.

Når det gjeld omsorgstenestene stend tryggleik heilt sentralt. Det krever nok bemanning og at dei som jobbar i tenesta har nok tid. Bygg og miljø; det må vera funksjonelle bygningar og eit godt inneklima. Må vere lagt til rette for aktivitetar. Passivitet hjå dei eldre er ei utfordring.

Mat og gode matopplevingar for dei eldre er viktig. Maten må vera sunn og smake godt. Dei eldre må få god tid til å spise og tilstrekkeleg hjelp for dei som treng det. Mat er ein viktig trivselsfaktor og serveringa må også skje til rett tidspunkt.

Lokalmiljøet må vera godt tilrettelagt slik at eldre og funksjonshemma kan kome seg ut og fram. Heimetenesta er også viktig, at dei som bur heime har god tilgang på hjelp og at dei tilsette har nok tid til å gje tenester også i heimen.

### **Gruppeoppgave 3:**

Denne gruppeoppgåva omfattar samhandling mellom kommune og dei friviljuge, og hadde i alt 4 spørsmål, der det siste spørsmålet vart prioritera i gruppearbeidet grunna litt lite tid att.

Kva skaper dei gode møteplassane?

Nokre moment/innspel frå gruppene:

- Det fins både formelle og uformelle møteplassar der både er viktige.
- Særleg viktig at det fins møteplassar med låg terskel, der ein kan vera seg sjølv og der det ikkje kostar noko å møtast.
- Nytt bibliotek kan bli ein slik viktig møteplass, der folk kan stikke innom og møte kvarandre.
- Skulen blir til ein viss grad ein slik møteplass i dag.
- Viktig med god standard på ute-/nærmiljø og at det er ryddig og reint.
- Det er i dag mykje forsøpling kring ballbingen ved ungdomsskulen.
- Gangveggar der du treff folk tilfeldig er viktige uformelle møteplassar
- Eventyrvegen
- Gangveien gjennom sentrumsområdet er viktig å få ferdig.
- Granvin kulturhus er både en formell og ein uformell møteplass. M.a. syklar skuleelevar ein god del til Granvin i pausene.
- Viktig å ta vare på møteplassane
- Kafear i bygda er døme på gode møteplassar.
- Ein benk her og der er viktig.
- Røde kors har ein raud krakk som vert flytta rundt ein del
- Etnisk og tværkulturelle møteplassar er viktige. Eit døme er internasjonale matarrangement på vgs.
- Viktig å gjere møteplassane kjent for folk som bur i bygda.

Rolf Henning Jensen /ref.